



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE



ROGALAND BONDELAG



NORSK BONDE- OG  
SMÅBRUKARLAG

Rogaland  
skognæringsforum

# Regionalt bygdeutviklingsprogram

**Rogaland 2019 – 2022**



**Utgitt av Fylkesmannen i Rogaland**

15. november 2018

Publisert på heimesida til Fylkesmannen i Rogaland under landbruk og mat:

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

Arkivreferanse: 2018/11436


Framsidedeilete: Ungdyr på utmarksbeite. Iris-Adele B. Jess.

# 1 Forord

Regionalt bygdeutviklingsprogram RBU, er blitt revidert i 2018, og gjeld for 2019 – 2022. Det er gitt nasjonale føringer for arbeidet i brev datert 20. september 2017 frå Landbruks- og matdepartementet.

Programmet er forankra i det regionale partnerskapet, og har god kopling mot regionale planar og strategiar. Figur 1. viser kven som har blitt involverte i revideringa.

**Figur 1. Struktur for regional samhandling i regi av Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga**



Oversikt over forkortingar:

*FM – Fylkesmannen*

*FK – Fylkeskommunen*

*HPN – Handlingsprogram næring*

*UTM – Utviklings- og tilretteleggingsmidlar*

*RMP – Regionalt miljøprogram*

*SMIL – spesielle miljøtiltak i landbruket*

*Styringsgruppe Frivillige tiltak – samarbeidsprosjekt mellom kommunane på Jæren for å betre vasskvaliteten i Jærvassdraga*

*Skogråd – Skogselskapet i Rogaland/ Rogalands skognæringsforum og Fylkesmannen i Rogaland*

## Innhald

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 1     | Forord .....   | 3  |
| 2     | Innleiing .....  | 5  |
| 3     | Mål .....  | 6  |
| 4     | Relevante planar og strategiar i Rogaland .....                    | 7  |
| 5     | Utfordringsbiletet for landbruket i Rogaland .....                 | 8  |
| 5.1   | Produksjonsgrunnlaget .....  | 8  |
| 5.1.1 | Skogen i Rogaland – unytta potensiale .....                        | 9  |
| 5.1.2 | Vidareforedling av skog – meir tre til bygg og energiføremål ..... | 9  |
| 5.1.3 | Kulturlandskap .....   | 10 |
| 5.1.4 | Innmarksbeita – ein stor ressurs .....                             | 10 |
| 5.1.5 | Kompetanse, fagmiljø og konkurransekraft .....                     | 10 |
| 5.1.6 | Investeringsbehov .....  | 11 |
| 5.1.7 | Plante- og dyrehelse .....   | 11 |
| 5.2   | Marknadstilpassa produksjon .....                                  | 12 |
| 5.2.1 | Frukt, bær og grønt .....  | 12 |
| 5.2.2 | Lokal mat og drikke .....  | 13 |
| 5.2.3 | Økologisk produksjon .....   | 13 |
| 5.2.4 | Inn på tunet .....   | 13 |
| 5.2.5 | Reiseliv .....   | 14 |
| 5.2.6 | Pollinatorar .....   | 14 |
| 5.2.7 | Konkurranse frå anna næringsliv .....                              | 14 |
| 5.3   | Klima- og miljø .....  | 15 |
| 5.3.1 | Mykje husdyrgjødsel .....  | 15 |
| 5.3.2 | Tap av næringsstoff til vatn .....                                 | 15 |
| 5.3.3 | Klima .....  | 15 |
| 5.3.4 | Tap av biologisk mangfald .....                                    | 16 |
| 6     | Mål og strategiar .....  | 17 |
| 6.1   | Regionalt næringsprogram .....                                     | 17 |
| 6.1.1 | Utgreiings- og tilretteleggingsmidlane .....                       | 17 |
| 6.1.2 | Midlar til investering og bedriftsutvikling (IBU) .....            | 18 |
| 6.1.3 | Midlar til rekruttering og kompetanse .....                        | 20 |
| 6.2   | Regionalt miljøprogram .....                                       | 21 |
| 6.2.1 | Spesielle miljøtiltak i jordbruket .....                           | 22 |
| 6.3   | Regionalt skog- og klimaprogram .....                              | 24 |
| 6.3.1 | Støtte til skogsvegar og hogst i vanskeleg og bratt terreng .....  | 24 |
| 6.3.2 | Støtte til skogbruksplanlegging .....                              | 25 |

## 2 Innleiing


Regionalt bygdeutviklingsprogram skal følge opp nasjonal landbrukspolitikk og innehalde regionale planar og verkemidlar for å fremje landbruksbasert næringsutvikling og målrette miljø- og klimaarbeidet. Hovudmålet er å gi dei overordna strategiske føringane for dei verkemidlane som inngår i RBU, som og gir betre samordning mellom ulike ordningar.

Økonomiske verkemiddel som inngår i RBU:

- Regionalt næringsprogram
- Regionalt miljøprogram
- Regionalt skog- og klimaprogram

RBU tar utgangspunkt i sentrale landbrukspolitiske dokument som årlege jordbruksoppgjjer, meldingar til Stortinget og relevante strategiar. Døme her regjeringa sin bioøkonomistrategi og reiselivsstrategi. Følgjande dokument med tilhøyrande innstillingar frå næringskomiteen er særleg relevante for arbeidet;

- Meld. St.11 (2016-2017) Endring og utvikling. En fremtidsrettet jordbruksproduksjon
- Meld. St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring
- Meld. St. 31 (2014-2015) Garden som ressurs – marknaden som mål.



### 3 Mål

Regionalt bygdeutviklingsprogram skal treffe dei viktigaste utfordringane og potensiala for landbruket i fylket. Rogaland er eit kraftfullt landbruksfylke med årleg verdiskaping på om lag 6 mrd. kr og med over 10 000 direkte sysselsette på bonde- og industriledet. Andre sysselsettingseffektar kjem i tillegg. Kva næringa betyr for reiselivet og folkehelsa er truleg undervurdert.


Hovudmålet for landbruket i Rogaland er **auka verdiskaping basert på næringa sine samla ressursar**. I dette ligg ambisjonen om å produsere meir mat, tenester, trevirke og energi i takt med både aukande etterspurnad og forbrukarpreferansar. Vidare skal alle produksjonane ta miljøomsyn, både til klimaet, biologisk mangfald og forureining til vatn og jord.



## 4 Relevante planar og strategiar i Rogaland

*Regionalplan for landbruk i Rogaland* er framleis regionen sin viktigaste strategiske plan for landbruket i fylket. Andre viktige regionale planar og strategiar er; Regionalplan for næringsutvikling, Regionalplan for energi og klima, Regionalplan for vannforvaltning, Kystskogmeldinga 2015 og Strategi for bioøkonomi. For dei utviklingsretta planane blir det årleg laga eit felles handlingsprogram (HPN). I tillegg kjem Handlingsplan for skogbruket i Rogaland (2010-2013), og Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland.

**Figur 2. Oversikt over regionalt bygdeutviklingsprogram sin plass i plansamanheng**



*HPN: Handlingsprogram næring*

*UTM: Utvikling og tilretteleggingsmidlar*

*IBU: Midlar til investering og bedriftsutvikling*

*RSK: Regionalt skog og klimaprogram*

*RMP: Regionalt miljøprogram*

*SMIL: Spesielle miljøtiltak i landbruket*

## 5 Utfordringsbiletet for landbruket i Rogaland

Det er eit aktivt landbruk i heile Rogaland. Om lag 40 % av verdiskapinga i bondeleddet skjer utanom sentrale Jæren, og 35 % av mjølkeproduksjonen skjer i distrikta. Det er stor semje om denne distriktsprofilen.

Dette strategidokumentet rommar lite statistikk utanom denne korte oversikta;

|   |   |
|---|---|
| <b>10/20/30 – % av landet</b> <ul style="list-style-type: none"><li>➤ 10 % av jordbruksarealet</li><li>➤ 10 % av bøndene</li><li>➤ 20 % av storfe (mjølk/kjøtt) og sau</li><li>➤ 30 % av svin og fjørfe</li></ul> | <b>Grønsaker/frukt – % av landet</b> <ul style="list-style-type: none"><li>➤ 90 % av tomatproduksjonen</li><li>➤ 40 % av agurkproduksjonen</li><li>➤ 13 % av frilandsgrønsakene</li><li>➤ 3,5 % av fruktproduksjonen</li></ul>  |
| <b>Jordbruksareal</b> <ul style="list-style-type: none"><li>➤ 95 % av jordbruksarealet er gras</li><li>➤ 54 % av jordbruksarealet er dyrka</li><li>➤ 46 % av jordbruksarealet er innmarksbeite</li></ul>          | <b>Skogbruk</b> <ul style="list-style-type: none"><li>➤ 1,4 millionar dekar</li><li>➤ 16 % av arealet er intensivt utnytta.</li><li>➤ 50 % av årleg tilvekst på 500 000 m<sup>3</sup> er i granskog.</li><li>➤ 90 % av årleg hogst på om lag 130 000 m<sup>3</sup> er av granskog</li></ul> |

Det karakteristiske for landbruket i vårt fylke er stor produksjonsvilje, intensiv ressursutnytting og framoverlente bønder. Dette legg føresetnadane for ein oppegåande og offensiv landbruksindustri. Det som òg gjer Rogaland til eit noko annleis fylke, er at det er sterkt konkurranse om bonden i alle produksjonar.

### 5.1 Produksjonsgrunnlaget

Målet om å auke matproduksjonen på ein berekraftig måte blir utfordra av strukturendringar, arealtilgang, arealfragmentering, dyretettleik og av faktorar som styrast av andre samfunnssektorar. Primærnæringa og industrien blir meir eller mindre pressa til å tilpasse og omstille produksjonen. Dette vil gje grunnlag for nye produkt og nye produksjonsmetodar. Avlinga på grasareala kan klart aukast, noko som kan redusere behovet for import av fôrråvarer og kjøtt (storfe). Nye metodar for å produsere protein vil tvinge seg fram, noko som også er i tråd med måla i Strategi for bioøkonomi. Importen av mjølkeprodukt er stadig aukande. Rogaland har råvarene, foredlingskompetansen og lokasjonane til å auke foredlinga av både kjøtt og mjølk.



### 5.1.1 Skogen i Rogaland – unyttige potensiale

Det er eit unyttige verdiskapingspotensial i skogen i Rogaland. Her er det svært gode både areal- og klimatiske føresetnader for skogproduksjon. Samanlikna med innlandsskogbruket har Rogaland i gjennomsnitt dobbelt så høg produksjonsevne.

I eit fylke med eit «ungt» skogbruk er det viktig å halde fram med informasjons- og aktivitetsskapande arbeid for å bidra til berekraftig utnytting av skogressursane, og for å sikre at skogen gir grunnlag for næring i framtida. Dårlig vedlikehald av dei ståande skogressursane er ei utfordring. Det er viktig at skogeigarar blir bevisste på potensiala som ligg i forynging og stell av skogen, og at satsingar innan dette er ein del av utviklingsarbeidet i fylket. Det same gjeld satsingar som styrker lokal lønsam vidareforedling av skogvirke, og effektiv transport frå stubbar til industri.

### 5.1.2 Vidareforedling av skog – meir tre til bygg og energiføremål

Den største gevinsten og verdiskapinga ligg i utnytting/foredling av skogsråstoffet. Foredlingsgevinsten vil vere størst på den beste delen av råstoffet som kan brukast til materialar i bygg, og i nye produkt med høg foredlingsgrad. Det er viktig å sikre at skogsråstoffet kan bidra til verdiskaping lokalt, framfor å bli eksportert i utlandet. Dette kjem også fram av regional strategi for bioøkonomi.

Det ligg store potensiale også for lokal produksjon og bygging i tre, men dette er ikkje så godt kjent i fylket. Moglegheitene er store mellom anna for landbruksbygg, sidan mange står framfor fornying av fjøsa fram imot lausdriftskravet i 2034. Det er viktig å halde fram med satsingar og utviklingsarbeid som stimulerer til bruk av tre i bygg, og å sikre at trestøtteordninga gjennom IBU-midlane er kjent. Frå 2018 til 2020 vil det vere ei ny *Tredrivarsatsing* i fylket som ein del av dette arbeidet.



Frå hogst i Tysvær. Foto: Ingeborg Anker-Rasch.

### 5.1.3 Kulturlandskap

Jordbruket sitt kulturlandskap er verdifullt i seg sjølv, og er rikt på både natur- og kulturminneverdiar. Produksjonslandskap til bonden er viktig for både reiselivet og folkehelsa. For å ta vare på desse viktige landskapa må vi ha aktiv beitebruk. Vi treng både beite som er intensivt nytta med høg fôrproduksjon, og ugjødsla beite med store naturverdiar. Nokre av dei mest sårbare karplantane er knytt til ugjødsla beitebruk. Ei utfordring er færre bønder og færre besetningar. Somme tider opplev vi konflikhtar mellom beitebruk og andre samfunnsinteresser som t.d. jakt, og folk som er redde for beitedyr. Spesielt for Rogaland er mykje heimabeite, men det er også sterk tradisjon for heiasending (utmarksbeite). Her er det viktig å støtte beitelaga. Ei utfordring er tomme heiområde der dyra trekker inn, noko som gjer tilsyn med dyr og sankinga meir krevjande. Med tomme heiområde meinast utmarksbeite der det i utgangspunktet ikkje blir sleppt dyr. Gode gjerde er essensielt, og her er utfordringa passive grunneigarar, samarbeid, og gjerdekostnadar.

### 5.1.4 Innmarksbeita – ein stor ressurs

Innmarksbeita utgjer 46 % av jordbruksarealet i fylket, og med om lag 30 % av innmarksbeita i Noreg er Rogaland beitefylke nr. 1. Beita utgjer ein svært viktig fôrressurs, og er også viktige som spreieareal for husdyrgjødsel. Det er i enkelte område også attgroingsareal i Rogaland, og fleire stader er kvaliteten på beita for dårleg. Færre driftssenter med dertil aukande avstandar er ei utfordring for god utnytting av beita. Middel leigejordandelen ligg i dag på om lag 40 % og er aukande, og dette medverkar til aukande strukturutfordringar.



**Kulturlandskap i Time. Foto: Iris-Adele J. Berg**

### 5.1.5 Kompetanse, fagmiljø og konkurransekraft

Undersøkinga Bygdeforskning (no; Ruralis) gjennomførte i 2016 viste at heile 53 % av bøndene i Rogaland ikkje har formell landbruksutdanning, mot 51 % for resten av landet. Samstundes viste den same undersøkinga at bøndene i vårt fylke har høgare yrkesidentitet enn

bønder elles i landet. Vidare er bøndene meir tilfredse med det landbruksfaglege miljøet enn elles i landet, og over 30 % ser det som sannsynleg med større investeringar dei neste fem åra. Heile 67 % av bøndene trur at ein i familien kjem til å ta over garden. Men undersøkinga seier ikkje noko om rekruttbonden kjem til å halde fram med dagens drift og produksjonsomfang. Ser vi dette i samanheng med at heile 27 % ikkje har gjeld og 27 % har lita gjeld, er det stor grunn til å tru at det vil bli rekrutteringsutfordringar innan enkelte produksjonar.

I Rogaland er det fleire landbruksfaglege miljø innan rådgiving, undervising, forskning og forvaltning. Vi har eit godt utgangspunkt, men desse miljøa kan i større grad samarbeide for å gi landbruksnæringane og bøndene viktig kunnskap og rådgiving. På forskningssida er det spesielt viktig med auka kapasitet innan miljø, bioøkonomi og dyre- og plantehelse. Innan landbruksforvaltninga er det viktig at kommunane styrker sin kompetanse og kapasitet. På kort sikt er det spesielt viktig at kommunane, åleine eller saman, kjem seg opp på eit fagleg og kapasitetsmessig forsvarleg nivå innan skogforvaltninga.

### **5.1.6 Investeringsbehov**

Behovet for fornying av driftsapparatet er stort både innan saue- og storfekjøtet. Sauenæringa har i 2018 ikkje prioritet på investeringsmidlar på grunn av marknadssituasjonen. Krav om lausdriftsfjøs i mjølkeproduksjon i 2034 og satsing på middels store kufjøs, gjer at nye kufjøs har prioritet innan IBU-ordninga (Investering og bedriftsutvikling i landbruket). Det er vore ei vellykka satsing på storfekjøtet over fleire år, og det er nå viktig å tilpasse produksjonskapasiteten i forhold til marknad. Vidare satsing på frukt, bær og grønsaker er viktig.

Veksthusnæringa står ovanfor investeringar til kompetansebygging og til bygg og anlegg i samband med system for å handtere gjenvinning/reinsing av vatn, desinfisering av produksjonslokalitetar, og meir fossilfrie energikjelder.

### **5.1.7 Plante- og dyrehelse**

Med om lag 25 % av husdyrproduksjonane i landet, må Rogaland vere ekstra merksam på utfordringar knytt til dyrehelse. Vi har meir sjukdom på husdyra våre enn vår relative del tilseier. Vidare har vi i enkelte område svært stor dyretettleik. Det gjer at vi må vere spesielt gode på det førebyggjande arbeidet. Likeins må vi også prioritere arbeidet med plantehelse i åra som kjem, spesielt knytt til veksthusproduksjonane.

Plante- og dyrehelse er eitt viktig fortrinn som landbruket i Noreg. I Rogaland kan utbrot få så store, alvorlege konsekvensar for både primærnæringa og industrien at det må setjast inn tiltak for å forebygge best mogleg.

Husdyrnæringa har elles utfordringar knytta til dyrevelferd. Det må setjast inn kompetansetiltak både på gardsnivå og i industrien for å styrke arbeidet med å sikre betre dyrevelferd. Samhandling med offentlege organisasjonar som Fylkesmannen og Mattilsynet, og FoU-aktørar er å føretrekke.

## 5.2 Marknadstilpassa produksjon

Det er viktig at jord- og hagebruket i Rogaland følger trendar og endringar i forbrukarpreferansane. Rogalandsbonden må vere spesielt merksam på aukande etterspurnad etter grønsaker, frukt og bær. Det er rom for ny landbruksbasert næringsverksemd i Rogaland. Størst potensial er det truleg innan mat og reiseliv, men det er også rom innan tenesteytingar som til dømes Inn på tunet. Redusert mjølkevolum og tap av inntekspotensiale kan kompenseraast med nye lokale produkt.

Vårt fylke bør produsere meir økologisk mat. Dette segmentet er veksende, og Rogaland har klare fortrinn til å ta ein dominerande posisjon.



Eple frå Ryfylke. Foto: Kari Sand

### 5.2.1 Frukt, bær og grønt

Etterspørsel etter norske råvarer av frukt og bær er stadig aukande. Fruktnæringa har starta omstillinga og er godt i gang med ny produksjonsmetodikk og nytt lagersystem. Bærnæringa er i startgropa med tanke på investeringsprosjekt og kompetansebygging. Det er behov for å styrke kompetansebygginga og samarbeidet med grossistledet for både frukt og bær.

Meir av areala bør brukast til potet- og grønsaksproduksjon. Rogaland sitt fortrinn er å vere tidlegast på marknaden. Utfordringane er knytt til å utvikle produkt med god smak og av høg kvalitet. Primærnæringa må i samarbeid med FoU og daglegvarehandelen utvikle nye produksjonsmetodar og auke kompetansen på dette området. Auka produksjon av frukt, bær og grønt er også eit eige resultatmål i regional strategi for bioøkonomi, gitt marknadstilgang.

### 5.2.2 Lokal mat og drikke

Det finns om lag 150 produsentar av landbruksbasert lokal mat og drikke i Rogaland som er eit godt grunnlag til å bygge vidare på. Utfordringane er knytt til små volum og lite samarbeid mellom dei ulike aktørane og reiselivsbransjen.

170 aktørar har så langt samla seg om «Matmanifest for Rogaland», og merkevara «Matregion Rogaland» blei lansert hausten 2018. Det er aktivt arbeid med konseptutvikling og etablering av ein organisasjon som skal styrke verdiskapinga i verdikjeda for lokal mat og drikke. «Bondens marked», som nå er reetablert, er også ein viktig aktivitet.

### 5.2.3 Økologisk produksjon

Utviklinga av tal økologiske bruk og areal har vore positiv i seinare tid, men er framleis på eit lågt nivå (under 1 %). Store bruk, auka spesialisering, press på areal, mykje leigejord og haldningar i landbruksmiljøet kan vere hindring å legge om til økologisk. Det økologiske landbruket sitt bidrag for både berekraftig bruk av naturressursane, dyrehelse og «bondehelse» blir ikkje nok verdsett av landbruksnæringa. Uvisse rundt omsetning av økologiske produkt er utfordrande, og gjer det vanskeleg å motivere bønder til å starte med økologisk produksjon.



Økologiske poteter i Klepp kommune. Foto: Fylkesmannen i Rogaland

### 5.2.4 Inn på tunet

I Rogaland er det per i dag 24 godkjente Inn på tunet gardar (IPT), og i tillegg 8 gardar som har søkt om slik godkjenning. Det er stor variasjon i kommunane/kjøparane sin bruk av tilbodet, og IPT har ikkje blitt tatt i bruk i den grad mange spådde for nokre år tilbake. Forklaringa på dette er mangesidig. Til tross for brei politisk og tverrfagleg semje om satsinga har eigarskapet i for

stor grad blitt verande på landbrukssida. Det offentlege må ta større eigarskap til IPT, og vurdere tenestetilboda som IPT har.

### **5.2.5 Reiseliv**

Stadig fleire turistar kjem til Noreg og Rogaland. Noreg blir sett som eit attraktivt og trygt land å reise i, og verdiskapinga frå reiselivet vil auke. Tal besøkande til Preikestolen har stabilisert seg på eit høgt nivå, og det er framleis kapasitet til fleire. Det gardsbaserte reiselivet er prega av mange små tilbydarar, og samarbeidet mellom aktørane kan bli betre. Kundane etterspør i større grad miljøsertifisering. Innovasjon Norge sin merkeordning «bærekraftig reisemål» blir tatt godt imot av aktørane. Koplinga mat og reiseliv har særleg potensiale. Det er også potensial knyta til jaktressursar.

### **5.2.6 Pollinatorar**

Det er viktig å legge til rette for både tamme og ville pollinatorar, jamfør nasjonal pollinatorstrategi. Birøkt og honningproduksjon er ei næring med vekstpotensiale. Marknaden for honning i Noreg er om lag 250 millionar kroner der halvparten blir importert. Det har vore drastisk nedgang i tal birøktarar og kubar dei siste tjue åra, men etter eit mobiliseringsprosjekt er det blitt mange nye medlemmar. Det er stort behov for kompetanseheving, og det er vanskar med å skaffe nok kubar og bisamfunn. Potensialet for vekst ligg i Reinavlsområdet for den brune bia, i avl, nye produkt og tenester.



**På sykkeltur mellom Hellvik og Egersund. Foto: Fylkesmannen i Rogaland**

### **5.2.7 Konkurransen frå anna næringsliv**

Næringslivet i fylket er framleis i omstilling. Korleis dette påverkar landbruksnæringane kan det speulerast i. Men at anna næringsliv påverkar landbruket er sikkert. Mange bønder har arbeid utanom garden – og mange utviklar gardsdrifta med arbeid utanom som premiss. Dette kan for enkelte bli ei meir ekstensiv, eller meir spesialisert drift, enn om bonden hadde vore heiltidsbonde. For enkelte blir resultatet at dei paktar bort jorda (og mjølkekvota).

Sysselsettinga i primærjordbruket i alle regionane har gått noko ned sidan 2010, utan at dette har gått ut over totalproduksjonen.

## **5.3 Klima- og miljø**

### **5.3.1 Mykje husdyrgjødsel**

Spreiearealproblematikken fekk auka aktualitet etter at faggruppa for revisjon av gjødselvareforskrifta i mars 2018 la fram sitt forslag til ny forskrift. Situasjonen for Rogaland i 2018 er at det er tilstrekkeleg spreieareal, men det er ikkje noko å gå på. Difor vil ei eventuell innstramming få konsekvensar for landbruket. Uavhengig av revisjon, er situasjonen at jordbruket har utfordringar knyta til forureining. Målretta bruk av RMP og SMIL, samt mykje frivillig innsats frå bøndene, gir gode resultat, men vel seint. Stoda for mange vassdrag er ikkje god, det er for stor næringsavrenning frå jord- og hagebruket.

Endringar i gjødselvareforskrifta vil føre til kamp om spreieareala og press på nydyrking og oppgjødsling av beite. Pilotprosjekt viser at gjødsla kan foredlast til gass og biorest. Dei kommande åra må det stimulerast til kompetansebygging og bygging av fleire biogassanlegg der bioresten blir foredla til varer som kan erstatte importvarer. Ulike prosjekt er sett i gang.

### **5.3.2 Tap av næringsstoff til vatn**

Regionalplanane for vassforvaltning og landbruk er begge tydelege på at landbruket er ein viktig årsak til at vassførekomstar har dårleg miljøtilstand. I forslag til revidert gjødselvareforskrift står det m.a. «På Jæren er husdyrgjødsel en viktig forklaring til at en stor del av vannforekomstene har dårlig økologisk tilstand. Av de 20 overvåkede innsjøer er det 18 som ikke når miljømålet. 11 av disse har, eller står i fare for å få, alvorlige oppblomstringer av potensielt giftige blågrønnalger. Av de 27 elvene som overvåkes er det 20 som ikke når miljømålet. 11 av disse er i dårlig eller svært dårlig tilstand». Løysinga ligg i å redusere næringsavrenninga til vassdraga. Målet er å oppnå god økologisk tilstand i alle vassdrag. God økologisk tilstand inneber at det ikkje berre er dei kjemiske faktorane som avgjer kvaliteten til ein vassførekomst, men òg dei biologiske faktorane.

### **5.3.3 Klima**

Husdyrfylket Rogaland har eit stort unytta potensial til å nytte husdyrgjødsel til produksjon av biogass. Infrastrukturen til transport av naturgass på Jæren kan også nyttast til biogass. God jordkultur er ein føresetnad for at omdanning av gjødsel i jord gir minst mogleg utslepp av klimagassar. Bønder i Rogaland er aktive på dreneringstiltak. Den hyppige bruken av tungt utstyr i dagens effektive landbruk bidrar likevel til auka utslepp av lystgass frå den pakka jorda. Satsinga på miljøvennleg spreieing av husdyrgjødsel er eit viktig middel for at mindre nitrogen i husdyrgjødsla går tapt til luft. Drift av areal langt frå driftssenter gir auka transport. Det er ei utfordring som må takast på alvor framover. Veksthusbransjen i Rogaland gjer sitt for å redusere utslepp av klimagassar. Her er det ei stegvis nedtrapping på bruk av fossile energikjelder, samstundes som dei nyttar CO<sub>2</sub> til å fremja plantevekst. Sjølv om det er gjort mykje for å redusere utslepp av klimagassar, er det rom for tiltak som ytterlegare kan redusere

utsleppa. Fokus på jordpakking og ny teknikk (robotisering) blir også sentralt sett i forhold til klima.

Nasjonale og regionale målsettingar gir signal om at skogressursane i større grad skal utnyttast som verkemiddel i klimapolitikken.

Trevirke er eit materiale med lågt CO<sub>2</sub>-fotavtrykk og må i langt større grad erstatte mindre klimavennelege materiale. Tre kan erstatte tradisjonelle byggemateriale som stål og betong og bidra positivt i livsløpsanalysen til bygget.

Innan energisektoren kan trevirke, spesielt flis, erstatte varmeproduksjon frå elektrisitet, kull, olje og gass. Dette gir ein meir klimanøytral produksjon, som i tillegg kan bidra til lokal verdiskaping. Varmeproduksjon frå biobrensel kan og erstatte forbruk av elektrisitet, som er ei energikjelde som i større grad kan brukast til meir høgverdige formål. I eit fylke med tilgang på billig gass og elektrisitet krevst det informasjons- og mobiliseringsarbeid for å marknadsføre biobrensel som alternativ.

#### **5.3.4 Tap av biologisk mangfald**

I Rogaland er det kamp om areala, og auka matproduksjon kan gå ut over det biologiske mangfaldet. Særleg Jæren er i dag dominert av aktivt drive jordbruksareal, med stor del dyrka mark og innmarksbeite. I dette intensivt drive jordbrukslandskapet er det mindre innslag av restareal og ekstensive landbruksareal, som har viktige funksjonar for naturmangfald, flaumdemping, vassreinsing, kulturminne og landskap. Restareala omfattar både område registrerte og definerte som viktige naturtypar. Summen av endringar knytt til landbruksdrift, massefyllingar, tettstadsvekst, vegbygging m.m., har ført til tap av naturverdiar. Nydyrking er villa politikk i Noreg, regulert gjennom forskrift for nydyrking. Nydyrking er eit verktøy for å auke produksjonsarealet for jordbruket, og har fått auka fokus i seinare tid også for å kompensere for jordbruksareal som blir bygd ned. Samstundes må omsynet til biologisk mangfald vil vere ein viktig premiss også i landbruksretta utviklingsarbeid. Forbod mot dyrking av myr er oppe til vurdering.





## 6 Mål og strategiar

### 6.1 Regionalt næringsprogram

Den regionale partnarskapen har i mange år samarbeidd om næringsutvikling og har eit eige handlingsprogram for næring (HPN). HPN blir styrt av prioriteringar i regionale planar jamfør pkt. 4. Den regionale partnarskapen og næringsaktørar utarbeider i fellesskap oppdragsbrev for dei strategiske føringar for bruken av IBU (midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket). Sekretariatet for oppdragsbrevet blir flytta frå Fylkesmannen til Fylkeskommunen 1. januar 2020.

#### 6.1.1 Utgreiings- og tilretteleggingsmidlane

Midlane skal gå til tiltak som skal bidra til auka verdiskaping basert på næringa sine samla ressursar.

| Innsatsområde              | Delmål  |
|----------------------------|---|
| Tradisjonell matproduksjon | <ul style="list-style-type: none"><li>- betre agronomi og husdyrhald</li><li>- betre plante- og dyrehelse (alle dyreslag)</li><li>- meir effektiv utnytting av ressursar på garden</li><li>- auka lokal fôrproduksjon</li><li>- satsing på biogass</li><li>- auka produksjon- og forbruk av vegetabilia</li><li>- auka mangfald og verdiskaping</li><li>- auka nyskappings- og innovasjonstakt</li><li>- etablering av eit business-senter for «Matregion Rogaland»</li></ul> |
| Økologisk landbruk         | <ul style="list-style-type: none"><li>- fleire bruk med økologisk produksjon</li><li>- auka produksjon av vegetabilia</li><li>- fleire bruk som driv med foredling</li><li>- fleire alternative salskanalar</li><li>- auka bruk av norsk økologisk mat i offentlege verksemder</li></ul>  |
| Lokal mat og drikke        | <ul style="list-style-type: none"><li>- auka produktmangfald og produksjon</li><li>- auka tilgjenge og forbruk</li><li>- auka bruk av merkeordningar</li><li>- godt og sterkt omdømme av Matregion Rogaland</li></ul>   |
| Reiseliv                   | <ul style="list-style-type: none"><li>- fleire reisemål og opplevingar</li><li>- fleire reiselivsprodukt</li><li>- auka tal turistar som blir verande i fleire døgn og som kjem heile året</li><li>- fleire matopplevingar knytt til reiseliv</li></ul>   |
| Inn på tunet               | <ul style="list-style-type: none"><li>- fleire dagtilbod på gard for heimebuande personar med demens</li><li>- fleire tilbod for skular</li><li>- fleire tilbod innan helse- og rusomsorga inkl. arbeidsretta tiltak gjennom NAV</li><li>- fleire butilbod på gard for barn og ungdom</li><li>- fleire tilbod til flyktningar</li></ul>   |

| Innsatsområde  | Delmål   |
|--|--|
|  | - gjere IPT meir kjent og brukt av offentlege verksemdar   |
| Skogproduksjon og bruk av tre til bygg- og energiføremål | <ul style="list-style-type: none"> <li>- aktiv og berekraftig ressursforvaltning, auka skogplanting og kvalitetsproduksjon inkl. juletre og pyntegrønt</li> <li>- auka bruk av tre i bygg og til energiføremål</li> <li>- betre infrastruktur – både offentlig og privat</li> <li>- fleire bedrifter med som tek utgangspunkt i fornybart råstoff frå skogen</li> <li>- gode nettverk</li> </ul> |

## Strategiar

### 1. Legge til rette for meir samarbeid

- Nettverksbygging
- Etablering av produsentnettverk
- Etablering av samarbeid med Region Fjord Norge innanfor lokalmat og reiseliv

### 2. Styrke mobiliseringa

- Inspirasjon (foredrag, gode eksempel, studieturar)
- Rekruttering

### 3. Bygge meir kompetanse

- Møtearenaer (samlingar, markvandringar, fagdagar)
- Informasjon (nettside, facebook, nyheitsbrev)
- Fokus på økonomi og driftsleiing

### 4. Arbeide aktivt med forskning og utvikling

- Teknologisk utvikling av biogassanlegg og nye biorestprodukt
- Nye sortar og produksjonsmetodar i grøntnæringa (frukt, bær, poteter og grønsaker)
- Nye miljø- og energieffektive løysingar generelt, og veksthusnæringa spesielt
- Ta ut nytteverdi frå presisjonslandbruk

## 6.1.2 Midlar til investering og bedriftsutvikling (IBU)

Midlar til investering og bedriftsutvikling er viktige for å vidareutvikle landbruksnæringa, og er målretta mot investeringar i driftsapparat og mot utvikling av landbruksbaserte næringar. Bruken av midlane er regulert i eiga forskrift, og gjennom årleg oppdragsbrev frå LMD til Innovasjon Norge (IN). Fylkesmannen har, gjennom dialog med partnerskapet i næringa, i oppdrag å formidle signal om den strategiske bruken av desse midlane.

I Rogaland er vi kjende for å ha ein god dialog i partnerskapet, og for å har ei relativt tydeleg prioritering i bruken av svært avgrensa midlar. Særleg gjeld dette å ha ein distrikts profil, og ei vektlegging av marknadssituasjonen for dei ulike produksjonar. Vi har også utvikla egne kriteriedokument for ulike satsingsområde, eksempelvis frukt- og bærings. Som eksempel på stimulering til bruk av tre, blir det gitt ekstra tilskot til landbruksbygg i tre.

Det er elles viktig å framheve at IN forvaltar fleire ordningar som kan bidra til auka verdiskaping i landbruket, eksempelvis innan bioøkonomi, bioenergi, tresatsing og matprogram.

Rogaland har i 2018 om lag 40 000 mjølkekyr, og mange produsentar må fornye driftsapparatet. Framleis er det 700 båsfjøs i fylket. Det er gitt nasjonale føringar som prioriterer fornying av fjøs for 15 – 30 mjølkekyr. I Rogaland presiserer vi at det ikkje er krav til auka mjølkevolum på det aktuelle bruket, og at produksjonen skal vere basert på eksisterande arealgrunnlag. Grunnlaget skal vere fornying av eksisterande driftsomsfang.

### **Strategiar**

*Regionalplan for landbruk i Rogaland* med oppfølgjande handlingsprogram, gir ramma for landbruksbasert næringsutvikling generelt, og bruken av dei bedriftsretta midlane spesielt. Overordna føringar for dei prosjekt Innovasjon Norge Rogaland skal gi tilskot til, er at tilskota har klar effekt for lønsemda i prosjekta og at kunden har tilstrekkeleg kompetanse og profesjonalitet. Lønnsam prosjektøkonomi er sentralt i vurderinga av enkeltprosjekt, men berekraft i forhold til klima- og miljøutfordringane vil i aukande grad bli vektlagt. Det siste er særleg viktigare med omsyn til konkurranseutfordringane.

Det er lagt til grunn at IBU-midlane skal brukast slik at måloppnåinga blir størst. Det overordna landbrukspolitiske målet i Rogaland er å styrke og auke produksjonen av mat.

#### **Desse er dei viktigaste måla:**

- Eit variert og aktivt landbruk i heile fylket
- Halde oppe husdyrproduksjonen i sentrale område og styrke husdyrproduksjonen i distrikta
- Mjølkeproduksjonen i distrikta blir vidareført med minst same volum som for år 2010
- Auka beitebruk
- Styrka grøntnæring
- Positiv effekt på miljø- og klima
- Kompetansebygging

### **6.1.3 Midlar til rekruttering og kompetanse**

Dette er ei tilskotsordning som Fylkeskommunen fekk ansvaret for etter forvaltingsreforma i 2010. Det er jordbruksavtalemiddel, og eit ledd i at Fylkeskommunen skal vere ein regional utviklingsaktør på landbruks- og matområdet.

Støtteordninga skal medverke til rekruttering og kompetanseheving i landbruket som styrkar verdiskapinga. Støtteordninga skal vere tilpassa regionale utfordringar. Regionalplan landbruk og handlingsprogram næring er styringsdokumenta for midlane.

Regionalpolitikarane har bestemt at 65 % av tilskotet frå Landbruks- og matdepartementet til rekruttering og kompetanseheving i landbruket, skal gå til prosjekt i handlingsprogram næring. 35 % av tilskotet skal gå til mindre prosjekt og tiltak.



## 6.2 Regionalt miljøprogram

Regionalt miljøprogram blei innført i 2005 som eit verkemiddel for å målrette miljøinnsatsen i jordbruket utover det som er mogleg med nasjonale ordningar. Det er vårt viktigaste verkemiddel i arbeidet med å løyse våre regionale miljøutfordringar. I regionalt miljøprogram er det definert kva type tiltak bøndene kan søke regionalt miljøtilskot til. Bøndene søker ein gong i året, og søknadsfristen er samanfallande med fristen for å søke produksjonstilskot. Jordbruks-forhandlingane set økonomisk ramme. Rogaland hadde i 2018 37,6 millionar kroner til fordeling.

Det er definert fire særskilte miljømål som er felles for heile landet;

- **Redusert forureining til vatn og luft**
- **Ivaretaking av kulturlandskap og kulturminne**
- **Tilrettelegging for friluftsliv**
- **Ivaretaking av biologisk mangfald**

Regionalt miljøprogram blir rullert om lag kvart fjerde år. Neste programperiode er 2019 – 2022. Det er etablert ei styringsgruppa for Regionalt miljøprogram og SMIL som fastsett tilskotsordningar og tilskotsatsar. Styringsgruppa består av representantar frå; Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Rogaland bondelag, Rogaland bonde- og småbrukarlag, Kommunal landbruksforvaltning, NLR Rogaland og KS.

Rullering av regionalt miljøprogram skal vere ein open prosess der næringsaktørar, frivillige organisasjonar og andre kan gi innspel.

### Strategiar

- 1. Ta i bruk tilskotsordningar som bidreg til opne og vakre kulturlandskap:**
  - Tilskot til drift av jordbruksområde som er særleg utsetet for attgroing.
  - Tilskot til beiting og skjøtsel av areal i utvalde område:
    - Omsyn til turisme
    - Omsyn til særlege kulturhistoriske verdier
  - Tilskot til drift av beitelag
- 2. Prioritere tilskot til skjøtsel av areal som er sentral for biologisk mangfald.**
  - Med særleg vekt på:
    - Kystlynghei
    - Ugjødsla beitemark
    - Våtmarksbeiting
- 3. Ta i bruk tilskot til skjøtsel av viktige kulturminne**
  - Med særleg vekt på:
    - Skjøtsel av gravminne
- 4. Stimulere til auka turopplevingar gjennom å gi tilskot til vedlikehald av turstiar ved jordbruksareal**

- 5. Ta i bruk tilskotsordningar som bidreg til redusert tap av næringsstoff til vatn og luft**
- Prioritere nedslagsfelt til sårbare vassførekomstar
  - Prioriterte særskilte vassdrag med høgare tilskotssats for å betre oppslutting
- 6. Ta i bruk tilskotsordningar som gir redusert klimagassutslepp**
- Utvide geografisk tilskotsområde i takt med økonomisk ramme

### 6.2.1 Spesielle miljøtiltak i jordbruket

SMIL er eit investeringstilskot som kan støtte frivillige miljøtiltak som går utover vanleg jordbruksdrift, og utover gjeldande lovverk. Grøftetilskot er ein viktig del av ordninga.

Søkarane må ha drift som gir rett til avlørsar- og produksjonstilskot. Eigarar av ein utleidd landbrukseigedom kan òg søkje SMIL-midlar dersom leigetakar er rettviss søkar på SMIL-tilskot.

Kommunane skal utarbeide ny SMIL-strategi kvart 4. år. Fylkesmannen skal gi uttale til strategien før politisk godkjenning i kommunen.

### Regionalt miljøprogram gir føringar for dei kommunale SMIL- strategiane

#### Organisering

- Fylkesnivå: styringsgruppa for SMIL og RMP legg overordna føringar og prioriteringar for Rogaland i tråd med nasjonale målsettingar.
- Fylkesmannen har hovudansvar for tildeling av midlar til kommunane, følge opp kommunane og er klageinstans.
- Kommunane er førsteinstans og handsamar saker etter gjeldande SMIL-forskrift.

| Prioriterte tiltak  | Andre tiltak  |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltak som reduserer forurensing og risiko for forurensing.</li> <li>• Tiltak som stettar biologisk mangfald og gamal kulturmark.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for friluft- og naturopplevingar</li> <li>• Restaurering av gamle bygningar</li> <li>• Skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø</li> <li>• Planleggings- og tilretteleggings-prosjekt</li> </ul> |

## Utfordringar

- Manglande kapasitet og kompetanse i kommunane er ei utfordring.
- Område med mykje husdyr, grønsaker og veksthus har utfordringar knytt til forureining.
- Ivaretaking av biologisk mangfald som er registrert i naturbase har spesielt prioritet.
- Tilrettelegging for friluftsliv og naturopplevingar i landbrukets kulturlandskap.

## Strategiar

- Målretta tildeling av SMIL-midlar til kommunane ut frå mål som er sett for Rogaland.
- Arbeide for at minst 35% av SMIL-midlane årleg blir nytta til tiltak mot forureining.
- Samordning av SMIL og RMP
- Samordning av tilskotsatsar mellom kommunar med like utfordringar.
- Informasjon ut om SMIL-ordninga er viktig



## 6.3 Regionalt skog- og klimaprogram

Skog og klimaprogrammet skal syne korleis dei ulike økonomiske verkemidlane i skogbruket kan nyttast og tilpassast best mogleg vårt fylke. Programmet skal omfatte dei eksisterande ordningane; tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar, skogsvegar og drift i bratt terreng.

### 6.3.1 Støtte til skogsvegar og hogst i vanskeleg og bratt terreng.

Tilskotsordninga skal bidra til å få på plass rasjonelle og framtidsretta skogsvegløysingar uavhengig av eigedomsgrenser. I tillegg kan det bli gitt driftsstøtte til hogst i bratt og vanskeleg terreng der bruk av taubane er nødvendig.

Fylkesmannen har ansvaret for å utarbeide lokale retningsliner for støtte til skogsvegbygging og taubanedrift i samarbeid/dialog med kommunane og skognæringa. Gjeldande retningsliner blei sist revidert 12. januar 2018, jf. ”Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket”. Retningslinene blir revidert kvart andre år.

Fylkesmannen er førsteinstans/vedtaksmynde og prioriterer tilskot i tråd med vedtekne retningsliner. Kommunen sitt ansvar er:

- å arbeide og motivere fram gode prosjekt
- Følge opp søknadane om tilskot gjennom å førebu sakene for Fylkesmannen.
- Kontrollere og godkjenne tiltak ute i felt.

### Mål

Føremålet med tilskotsordninga er å gi auka verdiskaping gjennom aktiv og berekraftig utnytting av skogressursane i tråd med gjeldande skog- og miljøpolitikk.

### Status og utfordringar

Rogaland har låg skogsvegdekning og standard på skogsvegnettet samanlikna med dei tradisjonelle skogstroka. Difor vil vidare utbygging av framtidsretta infrastruktur vere den største utfordringa for å oppretthalde konkurransekraft og aktivitet.

I tillegg er det bygd opp store skogressursar på høgproduktive areal med driftstekniske utfordringar. I desse områda er drift med taubane er nøkkelen for effektiv og miljøvenleg utnytting og uttak av tømmer utan tekniske inngrep i terrenget.

### Strategiar og prioriteringar:

- Veganlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar i kommunane
- Større fellesanlegg uavhengig av eigedomsgrenser som løyser ut hogstmoden skog og høgproduktive skogareal
- Tiltak som bidreg til å vri hogsten over på furu- og lauvskog inntil ein større del av granskogen blir hogstmoden
- Tiltak som sikrar råstofftilgang til lokale sagbruk og bioenergianlegg
- Skogsbilvegar og ombygging/standardheving har prioritet



Fleire detaljar om ordninga går fram av dei lokale retningslinene for tilskot til skogsvegar og taubane. Frå 01.01.2020 blir heile ansvaret for denne ordninga overført til kommunane.

### **6.3.2 Støtte til skogbruksplanlegging**

Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar i skog (MIS) er eit grunnleggjande verkemiddel for å fremje og drive eit berekraftig og aktivt skogbruk. Planen er det viktigaste verktøyet skogeigaren har for å drive næringsverksemd basert på god kunnskap om skogressursane og miljø-, friluft- og kulturminneverdiar, og .

Skogbruksplan med MIS er også nyttig for dei som driv rettleiing, eller sel tenester til skogeigarane, og eit viktig verktøy for offentlege mynde for å nå måla i skogpolitikken.

Ein skogbruksplan med MIS inneheld areal-, miljø- og ressursoversikter for den enkelte skogeigedom m/kart, skogfaglege råd og føringar om korleis eigedommen bør drivast - både økonomisk og miljømessig. Planen gir grunnlag for å planlegge og gjennomføre viktige tiltak i skogen som hogst, ungsogpleie og vegbygging m.m.

Nye og strengare krav om dokumentasjon av miljøverdiar, jf. «*Forskrift om berekraftig skogbruk*» og Norsk PEFC Skogstandard betyr at skogeigaren må ha gjennomført ei kartlegging av miljøverdiane i skogen før hogst for å kunne omsette/selje tømmer i dag. Skogbruksplan med MIS tilfredstillar desse krava. Det er også et krav at MIS-registreringane ikkje må vere eldre enn 15 år.

### **Mål**

Føremålet med tilskotsordninga er å ta aktivt i bruk skogbruksplanlegging som eit grunnleggjande verkemiddel for å fremje eit berekraftig skogbruk. Det er eit mål å fremje aktiv næringsmessig utnytting av skog og utmarksressursane på kort og lang sikt, samstundes med at biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne blir ivareteke og vidareutvikla, jf. «*Forskrift om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar*»

### **Status og utfordringar**

Rogaland har fleire kommunar med gamle skogbruksplanar og miljøregistreringar (MIS), der alderskravet på 15 år er gått ut eller nesten gått ut. I område med for gamle miljøregistreringar vil det i praksis ikkje vere opning for å drive eit aktivt skogbruk. Det er mogleg å strekkje kravet til 18 år dersom det føreligg konkrete planar om nykartlegging.

Ordninga og tilskotet skal styrast mot skogeigarane som bestiller skogbruksplan. Konsekvensane blir at det er litt tilfeldig kva areal som blir dekt med skogbruksplan, og enkelte område kan bli utan plandekning dersom det ikkje er interesse. Arbeid med å sikre god oppslutning og mest mogleg heildekkande og samanhengande område med skogbruksplanar blir viktig framover.

Det skal utarbeidast ein «Hovudplan for skogbruksplanlegging» som skal leggjast til grunn for fordeling og prioritering av tilskotsmidlar til ulike skogbruksplanprosjekt. Dette arbeidet er starta opp og skal slutførast innan 2018. Planen skal gi ei grov skisse for framdrift og årleg planleggingsomfang i den nærmaste 10-års perioden. I tillegg skal planen innehalde eit

konkret handlingsprogram for dei næraste 3-4 åra. Hovudplanarbeidet skjer i samarbeid med kommunane og skognæringa, der Fylkesmannen har hovudansvaret for gjennomføring.

### **Strategiar og prioriteringar**

- Hovudplan for skogbruksplanlegging skal leggest til grunn for arbeidet og prioritering av tilskot
- Mobiliseringsarbeid for å sikre god oppslutning i nye skogbruksplanprosjekt og best mogleg plandekning.
- Sikre størst mogleg plandekning på dei beste og mest produktive skogareala

Fleire detaljar vil gå fram i Hovudplan for skogbruksplanlegging når denne blir ferdig.

